



Vidar Nottveit
Eidsnesvegen 131
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7907 - 15/173

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
08.01.2015

Jorddeponi/bakkeplanering gbnr 244/6 Eidsnes

Søknaden :

Utifrå synfaring, samtalar og kart med profilar innkome 19.12.2014 vert det søkt om å fylla opp eit mindre dalsøkk like nord aust for tunet på bruket, med jordmassar frå utbygging av næringsområdet på Eids nes som er under etablering. Arealet som søknaden omfattar er på ca 5 dekar, er delvis grunnlendt mark og vert nytta som slåttemark/beite.

Lovgrunnlaget :

Etter forskrift om begrensing forureining § 4 – 2, må det søkjast løyve om det vert for flytta masse som berører minst 1 dekar. Grunneigar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med dei krav som vert stilte, og det inkluderer det arbeid som vert utført av entreprenør på eigedomen. Eventuelle krav på brot av regelverket vil kunna rettast mot grunneigar. «Forskrift om bakkeplanering» fastsett av Miljøverndepartementet. 3. april 1989 har Landbruksdepartementet fastsett tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt.

Retningslinjene omfattar tekniske krav til planeringsfelt, her med tekniske krav til planlegging/forundersøkingar, utforming av planeringsfelt, vassregulering og drift og vedlikehald.

Vurdering:

Området som søknaden omfattar er ligg i kommuneplanen som LNF område og er som nemnd dyrka jord, der deler av området er heller grunnlendt. Dalsøkket som er planlagt fylt opp går frå gardsvegen og ned mot sjøen, der det i nedre kant er planlagt ein steinmur med duk, som skal hindra at massane og finstoff renn ut i sjøen.

Frå Landbrukskontoret si side vurderer vi tiltaket når det er utført til å vera eit godt prosjekt, når det er utplanert og tilsådd. Det er eit krav at alt arbeid skal vera utført i samsvar med «Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt» fastsett av Landbruksdepartementet.

Tiltaket på dette området vurerer ein til å vera så pass lite at det ikkje vil vera nødvendig å senda planen ut til regionale mynde på høyring.

Det er så langt ein har kunna undersøkja ikkje registreringar innan biologisk mangfald eller fornminne for området som denne planen omfattar. I alle fall så er jorda på dette området endevent fleire gonger gjennom dyrking og åkerbruk, slik at det som ein gong måtte vera der nok hadde vore avdekka.



Jordmassane som vil verta påført området vil så langt ein kan bedømma det vera myrjord og det kan nok der det ikkje er eksisterande grøfter vera aktuelt å ta av jordmassar i området og få dei toppen av fylljorda som eit vekstlag.

Ein kan ikkje sjå at tiltaket når det er ferdigstilt vil føra med seg nemnande endringar i kulturlandskapet, men frå tunet går det ein veg ned til sjøen og det vert eit vilkår at den vert bevart. Dvs at det vert fylt opp til vegskuldra og ikkje over den.

Vedtak:

Med heimel i forskrift om begrensing av forurensing (forurensingsforskrift) kapitel 4 godkjenner Lindås kommune søknaden om jordtipp på gnr 244 bnr 6 Eidsnes . Med heimel i § 4 – 8 forurensingsforskrifta vert følgjande vilkår sette.

1. Det er ein føresetnad at dei punkt som kjem fram i vurderinga vert følgde og ein vil særleg understreka at det berre kan fyllast med reine massar.
2. Arealet skal vera klart og tilsådd innan 01.07. 2018

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vidar Nottveit

Eidsnesvegen 131 5913

EIKANGERVÅG